

**Tilskot til tiltak i beiteområde – Lokale retningslinjer for tildeling av tilskot – Hjelmeland kommune  
Gjeldande fom 2020. Utarbeidd administrativt, referert politisk.**

Forvaltning av tilskottsordninga er overført frå Fylkesmannen til kommunane frå 1.1.2020, jf. forskrift om endring av forskrift om tilskott til tiltak i beiteområder av 03.10.2017 (endringsforskrifta).

Tilskotsordninga er regulert i «Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder».

Kommunen prioriterer søknadane og løyver tilskot.

Jf. forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde skal kommunen fastsetja lokale retningslinjer innafor rama av forskrifter og rundskriv 2019/45.

Dei lokale retningslinjene skal fastsetja kva tiltak som vil bli prioritert ut frå kva som er formålstenelege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen. Retningslinjene skal også innehalde timesatsar for eige arbeid, som kan leggast til grunn for kostnadsoverslag for tiltaka, og kor stor del av tilskotet dei ulike typar tiltak kan få utifrå kva som er gode tiltak i tråd med formål i forskrifter og regionale og lokale forhold.

Hjelmeland kommunen vel å ikkje prioritere søknadane etter kor stor eigeninnsats her er i kvar søknad. Me prioriterer etter type tiltak, og kor mykje pengar ein har til rådvelde til aktuelle søknadar.

Hjelmeland kommune har mange aktive beitelag, og det er viktig at ein har retningslinjer å gå etter ved prioritering av søknadar om tilskot til investering.

Kommunen har tatt utgangspunkt i praksis som Fylkesmannen har nytta når dei behandla søknadar, og endringar i forskrift og rundskriv nå ved omlegging av tilskotsordninga slik at det er kommunane som avgjer søknadane.

Aktuelle tiltak skal reduserer tap på beite, betre tilsyn i sesongen og forenkle sanking.

**§ 3 berekning av tilskot**

Jf. forskrifter kan det gis tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.

Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det gis tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjelder for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/besetningen.

For planleggings- og tilretteleggingsprosjekter kan det gis tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Hjelmeland kommune prioritærer faste installasjoner før elektronisk overvakingsutstyr. Elektronisk overvakingsutstyr skal likevel kunna få tilskot, her kan Hjelmeland kommune løyva inntil 50 % av kostnad.

Hjelmeland kommune vil gi ein høgare tilskotsprosent til mindre investeringar som skiljegardar, rydding av driftevegar mm, enn til sankehytter. Dette pga sankehytter ofte er større investering og vil ta mykje av tilskotspotten om ein gir like stor tilskotsprosent her som til andre tiltak.

Hjelmeland kommune vil sjå kva midlar ein har til rådvelde frå år til år, heller enn å bastant sette eit tak på tilskot anna enn det forskriftera gir rom for. Ved prioritering set me likevel denne malen:

Mindre investeringar; for eksempel hegner og skiljegardar, rydding av driftevegar, saltsteinautomatar mm, maksimalt 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Gjetarhytter eller tilsvarande: maksimalt 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Elektronisk overvakingsutstyr eller elektronisk gjerde; inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag, men ikkje meir enn ca 25 % av totale løyvingar i kommunen gjeldande år.

Planlegging- og tilretteleggingsprosjekt; inntil 70 %.

Maksimale timesatsar for eige arbeid – tilsvarande satsar som i SMIL-ordninga:

Maksimalt kr 350,- pr. time for person i arbeid.

Mann med motorsag kr 450,- eks mva.

Maksimalt kr 800,- pr. time for person med eigen maskin.

Kostnad med helikoptertransport kan takast med i kostnadsoverslaget dersom her ikkje er andre alternativ (som for eksempel scooter, bil el.l.).

Dersom tilskotsmottakar ikkje har frådragsrett for mva, kan mva inngå i godkjent kostnadsoverslag og grunnlag for berekning av tilskot.

#### **§ 4 Søknad og utbetaling**

Hjelmeland kommune set 15. mars som søknadsfrist.